



Vi er her og utgjør eit levande land i det små

Taler

Tarjei Vesaas

Dato

17 mai 1949

Sted

Det Norske Teatret, Oslo

- 1 Når eg står her, i grunnen nokså rådlus, og ser mot alle desse andleta, så veit eg at her er heile landet representert. Og det er takande å veta på ein dag som denne. Byen Oslo er no eingong eit endepunkt og ein møtestad for vegene, og dette romet her - Det Norske Teatret - er ein møtestad i møtestaden att, for folk
5 frå alle kantar - og det er vona vår at slik må det bli i endå større mun. Det Norske Teatret er ein god stad å møtast i.

- Frå kvar einaste landsdel sit de her i benkeradene, og de er så like i dress og i hårsveis og livlinjer og skohælar, at det berre er dei som er i bunad ein kan slå fast
10 kvar er ifrå. Men ein skal ikkje la seg narre av ein slik ytre likskap i moderne klædedrakt: de er ikkje like. Vegen dykkar bakover har hundretals ulike svingar og breidder, hundretals ulike føresetnader, hundretals ulike landskap å liksom falle attende på. Det er slik, dette landet - og det er det som er det fine i dag, at alt detta samlar seg under eitt tak og minnest ein viss ting - som det ikkje trengst
15 å seia meir om. Men tanken på alt som no er representert her, er så gripande at eg må få halde meg til det. Her er eit mest utsliti ord om Norge i hjarta vårt - men ropa noken inn i blandt denne festlyden no: Norge! - så stod det i same blinken eit bilete av landet fram for dykk slik de kvar har det i hugen, og vedunderleg skiftande ville det vera.

20

Det verka kanskje slik at eit Nordlands andlet med eventyr i augo lyfte seg og sa:

- Å eg veit meg eit land
langt der oppe mot nord,
25 med ei lysande strand
mellom høgfjell og fjord.
Der eg gjerne er gjest,
der mitt hjarta er fest
med dei finaste band.

Å eg minnest, eg minnest så vel dette land!

Der kjenner dei seg mykje godt att, alle dei som bur eller er oppvaksne nordover
langs dei lange og storslegne strendene. Men det er ikkje lenge så svarar det eit
35 mæle frå ytst i sud, blidt og endefram som der er der:

O Sørland, du min moderjord,
jeg synger ei med stolte ord
din ære og din heder.
40 Du havgrå land jeg kaller mitt,
hos deg gror gresset hardt og stridt,
og skodden lav seg breder.
Den bekk som renner over hei
den brøt seg fra ditt hjerte vei,
45 og derfor stilt den greder.

Så er det spent ein boge frå landsende til landsende. Ein var barn her, ein annen
der, og stod stirde på tinga ikring seg, medan hugen var ny og blank og ferdig til
å ta imot og la seg forme. Ein fekk inn i seg syn etter syn som vart verda for ein,
50 og ein totte det var verda som ho skulle vera. I all løynd synest ein vel det til sin
dødsdag.

Ein boge frå langt i nord til lengst i sud. Og inne frå landet der landkrabbene
bur, blenker det og opp, og livnar eit par sommars stev, for å vera med med sin
55 farge. Fulle av sommarens ange er dei:

Soli skin ivi nipa nord,
og ivi Bjålands engi.
Statt upp, statt upp Bergit Bjåland!
60 Upp or varme sengi.

Vent er det i Vågelidan
65 når lauvet og graset gror.
Men endå venar på Kvamsfjorden
når Gunnar og Kari ror.

70 Men ikkje berre bygdene, eller strendene, eller dei tusen øyane - også byane har sin tone her og kjem inn som ein ekte part av. Norges land. Den som er oppvaksen inne ved ei gate, har fått røter der. Like ekte røter som dei hine. Olaf Bull har til dømes inderlege ord om Pilestrædet i Oslo:

75 -- volder du al tid mit hjerte
vild og fortrolig glæde -
her var mit første kammers
bagom et knudret tre!

80 Og her sit nok folk herinne i salen som kjenner igjennom seg det som andar frå dette diktet, og knyter det kvar til sitt Pilestræde.

Slik er de her frå alle landsdelar. Det ville bli eit vilt og vent kor dersom alle song ut i denne augeblinken om kva som er landet planta i hjarta på ein. Når ein
85 tenker på det, så blir ikkje dette ein teatersalong med finklødde folk, det blir heller landet sjølv, med eit skinande ljøs over, så ein berre har hug til å smette seg bort mellom dei hine og teia still. Det er høgtid over slikt. Vi er her og utgjør eit levande land i det små, og vi kunne sagt einannen eit og anna, for vi har kvar vår klåre tunge å tala med. Einkvan skulle kunna løyst dette ut, berre ved å seia: tal!
90 og då skulle vi i undring ha høyrte dei merkelegaste ting, slikt ingen diktar enno har orka gjevi form, og aldri vil orke gjeva form. Det er her inne i dag! - i mange stilt brennande sinn, komne frå nord og sud og aust og vest. Men benk etter benk teier med det, har det gøymt bak ei roleg andletsmaske. Alt vi høyrer og seier er berre ein veik avglans av det.

95 Vi er komne saman for å minnast ei lausriving or band som ikkje høvde for oss. Det har vori liv og røre frå det første bleikraude solsprettet i dag. Tusen av born syng om at dei held av dette landet «som det stiger frem». I dei aller første fjellgrendene er det enno ikkje så svært grønt, og elvane går gule av isvatn. Men
100 her er våronn over alt. Og dei første lette sommarkjolane er komne på gjentene. Dei første lette sommarstega liksom. Her let seg ikkje kue og knekke av kulde og mørker. Vi skal alltid vidare!

No er det to år sidan den nye minnedagen i mai. Den som ingen som var med på
105 han, gløymer. I dag ser det ikkje på ein prikk ut som det vart drøymt i rusen då, det er ikkje så bra i verda. Men vi skal no igjennom, og vi skal vidare. Det seier så plent nei! i oss når undergangskreftene for ålvor vil ha tak. Det er noko i oss som

110 ikkje vil, ein kan kalle det sendt frå den eller den staden, det er der berre, og så
tydeleg at det set mot i ein. Det er nemleg slik, at når det gjeld for ålvor, er vi
endå seigare enn geitene på Bikini. Dette at det er noko i oss som vil tvers
igjennom all djevleskap, er vona for mennesket på jorda. Slik har det vori i alle
tidsaldrar. Vi kjenner at vi har ting i reserve, noko som kjem fram når det
trengst.

115 Dette tenker vi på medan det vårast i år. Vi er glade vi er her, og vi skal
igjennom! Og i den stemninga ser vi attende på det vi kvar er runne ut av, og
høyrer talen derifrå:

120 Det er eit barnemål som til meg talar
og gjer meg tankefull, men endå fjåg.
Med ungdomsminne er den tala blanda:
det strøymer på meg, så eg knapt kan anda.

125 Leve Norges land!

Kilde

Olav Vesaas: Tarjei i tale. Det Norske Samlaget, Oslo 1997, s, 93-97.

Emner

130 17. mai, 17. mai-tale, Norge

URI

<https://www.virksommeord.no/tale/vi-er-her-og-utgjer-eit-levande-land-i-det-sma>

135

140

145